

## Tarmgrønse

Grønnalger



© Stein Mortensen

Tarmgrønse er svært vanleg i fjørepyttar og er elles vanleg i fjøra frå verna til middels utsette stader. Når du finn ein grøn alge som er litt bladforma, kan du sjekke om han er hol. Er han det, kan du gå ut frå at det er tarmgrønse. Han liknar ofte på figuren. Dersom algen ikkje er hol, sjå på havsalat.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Havsalat

Grønnalger



© Stein Mortensen

Havsalat er flat i forma, og med unntak av i vitenskaplege samanhengar er det akseptabelt å kalle alle grøne bladforma algar i Noreg for havsalat.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Sauetang

Brunalgar



© Stein Mortensen

Denne algen kan du finne i verna vikar, øvst oppe i fjøra over alle andre tangartar. Han har ikkje blærer, men "puter" i enden av greinene store delar av året, som kan minne om sauekløver. Sauetang er mellom dei minste tangartane og er vanlegvis 7 – 12 cm lang.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Kaurtang

Brunalgar



© Stein Mortensen

Den veks like over blæretang i fjøra. Dei liknar noko på kvarandre, men dersom du finn blæretang med blærer og i tillegg finn liknande tang utan blærer over denne, så er det antakeleg spiraltang (sjekk at det ikkje er sauetang). Om sommaren har den fruktekamar som kan likna på blærer.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Grisetangdokke

Rødalger



© Per Arvid Aasen (1980)

Veks i hovudsak på grisetang (*Ascophyllum nodosum*)

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Blæretang

Brunalgar



© Stein Mortensen

Er ein av fire tangartar som har blærer, typisk parvis. Bladet har ei tydeleg midtribbe. Blæretangen er svært variabel i forma og på stader med mykje bølgeslag kan han mangle blærer. Formeringsorgana som vert utvikla om våren og sommaren i enden av nokre av greinene er ovale og oppsvulma i moden tilstand men må ikkje forvekslast med blærer.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Sagtang

Brunalgar



© Stein Mortensen

Sagtang (30 – 60 cm) manglar blærer og er lett å kjenne igjen ettersom han har ein sagtagga ytterkant. Han finst sjeldan i fjøra, men du kan ofte sjå han like nedanfor. På meir bølgeutsette stader er sagtangen smalare og har ikkje så markante tenner som på verna stader.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Krusflik

Rødalger



© Stein Mortensen

Algen er flat og litt brusklignande å ta i, 5 – 20 cm høg. Han kan likne på vorteflik når denne manglar "vortene". Då kan du sjå på den nedre delen av planta om han er flat (krusflik) eller bogar litt (vorteflik). Arten er mørkeraud og veks ned til 15 m dyp langs heile kysten.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING



## Fjørehinne

Rødalger



© Stein Mortensen

Artar innen slekten fjørehinne er tunne, bladaktige, opptil 40 cm lange, med varierende farge frå mørkt raud til raud- og gulbrune.

**MILJOLARE.NO**  
ET VERKTØY FOR BÆREKRAFTIG UTVIKLING

